

Vågøy og Myrbostad sokneråd
Kyrkjekontoret
Bøen 7
6440 ELNESVÅGEN

Kyrkje-og kulturdepartementet
Postboks 8030 dep
0030 Oslo



dok 252

Kyrkjeråd	
20060609 17.10.06	
Kode	Ki-501

Høyringsutsegn om forholdet mellom Stat og Kyrkje.

Vedlagt er Høyringsutsegn om forholdet mellom Stat og Kyrkje, frå Myrbostad og Vågøy sokneråd.

Med venleg helsing

Dagfinn Grønvik
Sekretær

Staten og Den norske kyrkja – Spørsmål til høyringsinstansane

Namn på høyringsinstans: Møre, Myrbostad og Vågøy sokneråd,
05.10.2006

Type høyringsinstans

- Kommune
- Sokneråd/kyrkjelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Frivillig organisasjon innafor Den norske kyrkje
- Anna offentleg instans
- Anna privat instans

1. Kva overordna prinsipp bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Svar:

Staten bør ha ein aktivt støttande religionspolitikk, som bør byggje på desse elementa:

- Prinsippet om trus- og livssynsfridom.
- Samfunnet sitt verdigrunnlag, der ein viser til den kristne og humanistiske arv.
- Prinsippet om aktivt støttande trus- og livssynspolitik.
- Heimel for særlov om Den norske kyrkja.

Ei særlov kan gjere det meir politisk realistisk å få gjennom eit skille mellom kyrkje og stat i Stortinget. Myrbostad og Vågøy sokneråd er usikker her, i og med at det er uklart kva som vil gjelde i ei særlov. Kva påvirkningskraft vil kyrkja ha på denne lova?

2. Den norske kyrkje som statskyrkje:

- Bør fortsetje
- Bør avviklast
- Veit ikkje/ønskjer ikkje å svare

Svar:

Fleire av medlemma i Myrbostad og Vågøy sokneråd er usikker på kva ei lausrving vil innebere. Dei er bekymra for at tilhøyringa til folkekyrkja vil bli svekka, og om innhaldet i særlova vil bli på kyrkja sine premissar. Mindretalet finn det derfor formålstenleg å halde på det vi har i dag.

3. I kva lov bør Den norske kyrkja vere forankra?

- Grunnlova
- Eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget
- Lov om trussamfunn
- Veit ikkje/ønskjer ikkje å svare

Svar:

Ei kyrkelov kan gjere det meir politisk realistisk å få gjennom et skilje mellom kyrkje og stat i Stortinget. Uvisse om kva som vil gjelde i ei slik særlov. Kva påvirkningskraft vil kyrkja ha på denne lova?

4. Korleis bør Den norske kyrkje finansierast?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noko stønad frå det offentlege
- Stønad frå det offentlege og med noko medlemsavgift
- Offentleg finansiering utan medlemsavgift
- Veit ikkje/ønskjer ikkje å svare

Svar:

Ei medlemsavgift vil gi meir engasjerte medlemmar, i og med at eit medlemsskap vil gi ei konkret økonomisk grunngeving.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga blir avvikla?

- Valordningane bør vere som i dag
- Auke bruken av direkte val til kyrkja sine avgjerande organ
- Veit ikkje/ønskjer ikkje å svare

Svar:

Det bør vere ei målsetjing å skape meir engasjement om soknerådval.

6. Dersom statskyrkjeordninga blir avvikla, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

- Ingen tillegg
- Dei politiske prinsippa som statsforfatninga byggjer på; som demokrati, rettstaten og menneskerettane
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kyrkje er ei evangelisk-luthersk kyrkje
- Veit ikkje/ønskjer ikkje å svare

Svar:

Myrbostad og Vågøy sokneråd er i hovudsak nøgd med utvalet si skisse for § 2:

«Alle Indvaanere af Riget have fri Religionsøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrundlag. Det paahviler Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at Den norske Kirke og andre Tros- og Livssynssamfund gives Adgang til at udøve deres Virksomhed i Henhold til deres Egenart. Nærmere bestemmelser om Den norske Kirkes Ordning fastsættes ved Lov.»

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kyrkja (sokneråd eller kyrkjeleg fellesråd)
- Kommunen
- Veit ikkje/ønskjer ikkje å svare

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?

- Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kyrkja bør eige kirkebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret
- Veit ikkje/ønskjer ikkje å svare

Svar:

Her er alternativa for få. Som eit mindretal i utreiinga har foreslått, vil det vere mest føremålstenleg at det økonomiske hovudansvaret for forvaltning av kyrkjebygg leggjast til staten. Dette alternativet manglar.

Staten bør ta eit større ansvar for dette arbeidet.